



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313
Gry Walle, 5557
Ingrid Torsnes, 5557 2320
Magne Nesse, 5557 2335

Vår dato
22.02.2018
Dykkar dato
16.11.2017

Vår referanse
2017/845 561
Dykkar referanse
16/6897

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til konsesjonssøknad for bygging av Opo flaumkraftverk

Kunnskapsgrunnlaget som er lagt fram i saka er ikkje tilstrekkeleg til å gi eit klart råd om bygging eller ikkje av flaumtunnel og kraftverk.

Før ein tek stilling til konsesjonssøknaden er det nødvendig å vurdere andre aktuelle sikringstiltak mot flaum saman med utførte sikringstiltak. Vilkåra for å gi konsesjon til bygging av kraftverk i det verna vassdraget er ikkje til stades. Fylkesmannen har kommentert landskap, naturmangfald, anadrom fisk, friluftsliv, forureining og risikonivå.

Fylkesmannen vil gi tilleggsuttale i saka når rapport om andre tiltak vert lagt fram i løpet av våren.

Bakgrunn

Fylkesmannen viser til konsesjonssøknad om bygging av Opo kraftverk og flaumtunnel. Bakgrunn for søknaden er at Odda kommune og Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) etter storflaumen i 2014 utarbeidde ein samarbeidsavtale om å realisere eit flaumkraftverk i Opo. Målet var å redusere skadeverknader ved framtidige flaumar som vil gi høg vasstand i Sandvinvatnet og høg vassføring i Opo. For å finansiere bygging og drift av flaumtunnelen vert det søkt om å bygge kraftverk inne i tunnelen.

Vassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1973. Utan Stortinget sitt samtykke kan ein ikkje opne for konsesjonshandsaming av prosjekt med installert effekt over 1 MW. I desember 2016 opna Stortinget likevel for konsesjonshandsaming av eit kraftverk i Opo, på bakgrunn av at det samstundes skulle gi varig flaumvern. Stortinget la til grunn at ein skal samanhalde eit kraftutbyggingsprosjekt med moglege andre tiltak frå ein moglegheitsstudie om aktuelle flaumdempande tiltak i Opo. Denne studien vart lagt fram i januar 2017 (Multiconsult 2016) og skulle inngå i konsesjonshandsaminga. NVE har seinare gitt Multiconsult i oppdrag å vurdere nokre av tiltaka i moglegheitsstudien nærare. Denne rapporten er venta ferdig i mars 2018, etter høyringsfristen for konsesjonssøknaden.

Konsesjonssøknaden med konsekvensutgreiing omfattar eit vestleg alternativ og eit austleg alternativ med utløp i Opo. Alternativ aust gir ikkje full flaumsikring i nedre del av vassdraget og har høgare utbyggingskostnad. SKL har difor ikkje søkt om dette alternativet.

Vilkår for at SKL vil gjennomføre utbygging er at tiltaket er bedriftsøkonomisk lønsamt.

Nærare om grunngeving og mål for tiltaket

Oповassdraget har årlege flaumvassføringar av varierende storleik. På strekninga mellom Hildal, Sandvinvatnet og Sørfjorden er busetnad, landbruksområde og viktig infrastruktur utsett i flaumsituasjonar.

I arbeidet med klimatilpassing er det utarbeidd klimastrategiar basert på framskriving av auke i storleiken på flaumar. Opo ligg i eitt av områda i Norge der denne auka, sett fram mot år 2100, vil bli særleg stor. I følgje NVE sine strategiar for klimatilpassing vert det rådd til å nytte eit klimapåslag på 20 og 40 prosent på utrekna flaumvassføring.

Etter flaumen i 2014 har NVE gjennomført omfattande sikringstiltak i Opo gjennom Odda sentrum. Etter det Fylkesmannen får opplyst frå NVE sitt regionkontor gjer dei nye tiltaka at Opo no er sikra for ein 500-års flaum pluss klimapåslag.

I søknaden viser SKL til at gjennomført sikringsarbeid i Opo ikkje fullt ut oppfyller krava i TEK17 til sikring av bygg med sårbare samfunnsfunksjonar mot skadeflaum. Det er heller ikkje utført flaumdempande tiltak for å skjerme busetnad og næringsbygg i sørenden av Sandvinvatnet.

Ved å byggje ut vassdraget i tråd med konsesjonssøknaden, vil ein i ifølgje tiltakshavar oppnå følgjande:

Flaumtunnelen får kapasitet til å redusere vassføringa i Opo med 500 m³/s.

- Saman med NVE si pågåande flaumsikring av Opo, sikrar tiltaket Odda sentrum mot ein 1000-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag.

Tiltaket gjev kontroll på vasstanden i Sandvinvatnet opp til 100-årsflaum, og gjev monaleg reduksjon i flaumvasstandane for dei større flaumane.

- Tiltaket sikrar busetnad rundt Sandvinvatnet mot ein 200-årsflaum inklusive 40 % klimapåslag.
- Tiltaket reduserer konsekvensane av dei mindre og hyppige flaumane.

I høyringsperioden er det lagt fram nye tal med revidert vassføringskurve for framtidige flaumar i Opo. I nye utrekningar har ein justert ned tal for maksimal vassføring i storflaumen i 2014 frå nærare 800 m³/s til 571 m³/s.

Det er og gjort ei tilleggsundersøking av kva verknader flaumkraftverket kan få i nedre del av Storelva. I konsesjonssøknaden er det foreslått auka bruk av flaumtunnelen ved å opne flaumlukene ved kote 87,9 meter. Ei slik justering i planlagt driftsregime vil redusere vasstanden i Sandvinvatnet og nedre del av Storelva ved flaumar, men vil og føre til lågare flaumtoppar i Opo. Ein vil få betre sikring av dyrka mark ved Sandvin ved mindre og hyppige flaumar.

Kort om søknaden og drift

Forslaget omfattar regulering av Sandvinvatnet og tunnel med utløp i Sørfjorden.

Flaumkraftverket er planlagt drifta slik at ein ved aukande flaum gradvis vil opne flaumluka til planlagt flaumtunnel.

Det vert bygd ein terskel ved utlaupet av Sandvindvatnet, som vert regulert 0,9 meter, mellom kote 86,5 (LRV) og 87,4 (HRV). Dette ligg innanfor naturleg vasstandsvariasjon. Inntaket ligg 15 meter under vassflata. Flaumtunnelen på vestsida av Opo vert 2,6 km lang og vil ha ein kapasitet på 500 m³/s. Omlag 1,8 km nede i tunnelen vert det etablert to parallelle flaumluker. Tilløpstunnelen til kraftverket er ein grein frå flaumtunnelen. Avløpstunnelen frå kraftverket går tilbake til flaumtunnelen før denne går ut i sjøen i Kleivavika like utanfor Odda sentrum. Kraftverket sin slukeevne vil vere på 75 m³/s og har ein effekt på 55 MW. Dette kan gi ein årleg produksjon på 170 GWh.

Samla deponimassar frå prosjektet er rekna til om lag 690 000 m³. Det er foreslått to deponi i Sørfjorden og eit i Sandvinvatnet.

Tiltakshavar vil bygge fisketrapp forbi Eidesfossen.

Tiltaket vil føre til at vassføringa i Opo si nedre del vert redusert til om lag 30 % av dagens vassføring. Det er foreslått minstevassføring med varierende slepp gjennom året etter følgjande reguleringsregime:

Dato	Minstevassføring i Opo
1.1 – 14.4	5 m ³ /s
15.4 – 30.4	10 m ³ /s
1.5 – 20.5	20 m ³ /s
21.5 – 15.6	15 m ³ /s
16.6 – 14.8	10 m ³ /s
15.8 – 20.8	Jamt aukande frå 10 m ³ /s til 20 m ³ /s
21.8 – 23.8	Jamt minkande frå 20 m ³ /s til 10 m ³ /s
24.8 – 29.8	Jamt aukande frå 10 m ³ /s til 20 m ³ /s
30.8 – 1.9	Jamt minkande frå 20 m ³ /s til 10 m ³ /s
2.9 – 31.10	10 m ³ /s
1.11 – 31.12	5 m ³ /s

Søkjjar sin vurdering av konsekvensar

Konsekvensutgreiinga er utført etter utgreiingsprogram fastsett av NVE. Konklusjonane frå denne er at tiltaket vil ha størst negative konsekvensar på landskap, utøving av fiske, forureining og vasskvalitet. For anleggsfasen er konsekvensane vurdert å vere *liten negativ* eller *ubetydeleg* for nesten alle naturfaglege tema, *liten – middels negativ* for forureining og *middels negativ* for friluftsliv. Dei same vurderingane gjeld for driftsfasen, men der er konsekvensar for landskap sett til *middels negativ*.

Når det gjeld verneverdiane som låg til grunn for vassdragsvernet meiner søkjjar at desse berre i liten grad vert råka, og at vilkåra for å gi løyve til tiltaket soleis er oppfylt.

Landskap

I fagrapporten om landskap er landskapsverdiane til delområde 2 for Odda sentrum sett til stor og konsekvensane ved tiltaket *stor negativ* (--). Dette er i hovudsak knytt til redusert opplevingsverdi ved redusert vassføring i elva. Som avbøtande tiltak foreslår konsulenten difor minstevassføring opp til 40 m³/s på dagtid om sommaren for å redusere dei negative verknadene for opplevingsverdiane.

Tiltakshavar uttaler at konsulentens sitt forslag til minstevassføring er urealistisk ut frå ein økonomisk vurdering av prosjektet. Dei er og usamd i verdsettinga for delområdet Odda. Vidare viser dei at hyppige endringar i vassføringa kan vere uheldig for fisk og anna liv i Opo.

Usemje i konfliktvurdering på landskap går fram av følgjande tabell i konsesjonssøknaden:

Tabell 14.4 Samla konsekvensvurdering for fagtema landskap

Samla konsekvensvurdering	Konsekvensutgreiing	Tiltakshavar
Anleggsfasen	Liten negativ (-)	Liten negativ (-)
Driftsfasen	Stor negativ (--)	Middels negativ (-)

Akvatisk naturmiljø

Grunnlaget for konsekvensvurderingane for fisk er at det vert bygd ny fisketrapp i Eidesfossen og gjort tiltak som fører fisk vekk frå inntaket i Sandvinvatnet. Redusert vassføring kan i følgje konsulenten påverke storleiken på fisk som går opp elva, men vassmengda vil likevel vere tilstrekkeleg. Konsekvensar i driftsfasen er sett til *liten negativ(-)*. Tiltakshavar peiker og på at utfordringa ved at hovudutløpet til Opo i praksis er flytta frå sitt naturleg elveleie til Kleivavika. Dette vil påverke både oppvandring og nedvandring av laksefisk og ål. Konsekvensvurderingane framgår av følgjande tabell:

Tabell 14.10 Samla konsekvensvurdering for fagtema akvatisk naturmiljø

Samla konsekvensvurdering	Konsekvensutgreiing	Tiltakshavar
Anleggsfasen	Liten negativ (-)	Liten negativ (-)
Driftsfasen	Liten negativ (-)	Liten negativ (-)

Forureining og vasskvalitet

Odda er sterkt påverka av tidlegare industriverksemd i form av gamle deponi og diffuse utslepp. Lågare vassføring i Opo vil gi dårlegare resipientkapasitet, og usikkerheit rundt reaktivering av forureina sediment i Kleivavika og indre Sørfjorden. Konsekvensane, slik dei er vurdert, går fram av tabellen under:

Tabell 14.17 Samla konsekvensvurdering for fagtema forureining

Samla konsekvensvurdering	Konsekvensutgreiing	Tiltakshavar
Anleggsfasen	Liten til middels negativ (-/-)	Liten til middels negativ (-/-)
Driftsfasen	Liten til middels negativ (-/-)	Liten til middels negativ (-/-)

Omtalen av støy i anleggsfasen og driftsfasen er ikkje utgreidd, berre omtala generelt.

Samfunn, reise- og friluftsliv

Mellom dei tema som er vurderte er opplevingar knytt til fiske i Opo. Utbygging vil føre til at talet på fiskeplassar vert redusert, men etablering av fisketrapp vil kunne forlenge lakseførande strekning og slik kompensere for dette. Tiltakshavar meiner at dette i sum kan endre konsekvensen av tiltaket med omsyn til utøving av fiske i vassdraget frå *middels - stor negativ* som foreslått av konsulenten til *ubetydeleg*, eller kan hende *liten positiv*.

Forholdet til verna vassdrag

Tiltakshavar viser til vernegrnlaget for vassdraget, som i stor grad er knytt til urørt vassdragsnatur og fosselandskapet, spesielt ovanfor Sandvinvatnet. Dei viser til at elva og

elvebreidda alt er påverka av mange fysiske inngrep som pregar vassdraget på strekninga gjennom Odda sentrum. Sjølv om elva ikkje er regulert meiner tiltakshavar difor at konsekvensane for natur- og miljøforhold er avgrensa, og at utbygginga ikkje vil truga grunnlaget for vassdragsvernet.

Samla belastning

Tiltakshavar sin vurdering av samla belastning er avgrensa til sjølve nedbørsfeltet til Opovassdraget. Ein har vurdert utbyggingar og inngrep i Odda by, særleg langs vassdraget, tilhøvet til naturmangfald, særleg anadrom fisk og friluftsliv (turveg og fritidsfiske). Deira konklusjon er at tiltaket ikkje vil auke samla belastning på dei enkelttema som er omtalt, på vilkår av at fisketrappen i Eidesfossen vert bygd.

Fylkesmannens merknader

Fylkesmannen meiner det er uheldig at arbeidet med alternative flaumdempingstiltak ikkje vert ferdig før høyringsfristen for Opo flaumkraftverk. Dette gjer at vi ikkje har tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å gi råd i saka. Saka er spesiell, utløyst av flaumen i 2014 og med ei forventning om at ein i framtida skal unngå skadar frå flaumar skapt av klimaendringar. Etter flaumen sette NVE raskt i gang arbeidet med flaumsikring, både midlertidig og varig. Det er så langt investert nærare 90 millionar kroner i desse tiltaka.

Landskap

Etter vår oppfatning vil den største negative verknaden av utbygginga vere at Opo ikkje lenger vil framstå som ei naturleg levande elv. Tiltaket vil føre til sterkt redusert vassføring i store deler av året. Hovudløpet til Opo blir i praksis fjerna og utløpsområdet til fjorden flytta. Dette er svært dramatiske inngrep, som vil føre til at karakteren til det uregulerte vassdraget og Odda vil bli endra på ein grunnleggjande måte. Dei negative verknadene på landskapet blir forsterka av at det alt er gjennomført omfattande flaumsikringstiltak som pregar vassdraget på strekninga mellom Sandvinvatnet og Odda sentrum. Etter vårt syn må ein byggje ei ny elv i elva og gjere omfattande nye inngrep for at den regulerte elva skal framstå som «naturleg».

Fylkesmannen meiner det ikkje vil vere mogleg å avbøte dei negative verknadene på landskap og opplevingsverdi. Vi er samd med konsulenten i at konsekvensar for vassdraget er *stor negativ*. Vi vil peike på at landskapsverdiane er og viktig for friluftsliv og reiseliv.

Biologisk mangfald, samla belastning og vassdragsvern

Vernekriteriane knytt til vassdragsvernet i Opo gjeld heile vassdraget vurdert samla. Urørt natur frå fjell til fjord står sentralt. Verneverdiane er og knytt til eit attraktivt og kontrastrikt landskap, der elver, vatn og fossar er særleg viktige.

For at vilkåret for å gi konsesjon til utbygging skal vere oppfylt må tiltaket ikkje gå utover vesentlege verneverdiar, jf. vassressurslova § 35. NVE må gjere ein konkret vurdering av dette spørsmålet. Samla belastning på naturmangfaldet, som biologisk mangfald og landskap, er sentrale tema i vurderinga. Konsekvensutgreiinga for utbygging av Opo avdekkjer ingen vesentlege verknader på biologisk mangfald, på naturtypar eller arter. Dette temaet er likevel ikkje vurdert ut frå andre eksisterande eller framtidige inngrep i vassdraget.

Dette same gjeld landskapsinngrepa. Det er nødvendig å sjå på heile det verna vassdraget samla. I øvre deler av nedbørsfeltet er det to vatn tidlegare overført frå vassdraget, (Steinavatn

og Dyrskardvatna). I sideelvene er det opna for og utbygd Austdøla kraftverk og Freim kraftverk. Nyleg ga NVE konsesjon til bygging av Nedre Seljestad kraftverk, som ligg i hovudelva. I tillegg kjem andre inngrep knytt til vegar og anna som på ulik måte påverkar vassdragsystemet. Eit nytt Opo flaumkraftverk vil kome i tillegg til desse inngrepa.

Vidare vil vi peike på at eit nedbørsfelt med hovudelv og sidevassdrag har kvalitetar for viktige økosystemtenester. Dette er tema som kan vere vanskeleg å vektleggje når det gjeld konkrete funksjonar, men som likevel er viktig å ta med i ein langsiktig forvaltning av vår vassdragsnatur. Dette temaet bør og vege tungt i spørsmål ikkje minst når det gjeld verna vassdrag.

Planlagt utbygging vil gi svært dramatiske endringar i vassføringa i Opo. Dette kjem i tillegg til andre inngrep som også truar verdiane som var grunnlaget for vassdragsvernet. Planlagt utbygging vil representere eit nytt, svært omfattande inngrep i vassdraget. Vurdert ut frå samla belastning på vassdragsnaturen meiner Fylkesmannen at tiltaket ikkje kan gjennomførast utan å redusere verneverdiane.

Anadrom fisk og minstevassføring

Stamma av villaks i Opo er karakterisert som ein storlaksestamme, og storlaks har anna krav til vassføring enn mindre fisk. I vårt innspel til utgreiingsprogrammet hadde vi særleg fokus på forholda til storlaksen. Vi bad om at følgjande vart prioritert:

Fisk og minstevassføring:

Vassdraget treng flaumar for å oppretthalde sin økologiske funksjon. Utan flaumar av ein viss storleik vil vassdraget misse naturlege funksjonar knytt til utvasking og omsifting av grus og stein, som bidrar til å oppretthalde gyte- og oppvekstområde. Utgreiingsprogrammet må difor diskutere nivå på minstevassføring i vassdraget ut frå elva som økologisk system og landskapselement.

Nivå på minstevassføring må vurderast spesielt etter krava til storlaksen i Opo. Storlaks har høgare krav til minstevassføring enn mindre laks og sjøaure.

Dersom det vert opna for planlagt utbygging vil Fylkesmannen i utgangspunktet vere positive til utprøving av miljødesigna minstevassføring som er skissert i søknaden. Vi er òg positive til at det er lagt opp ein forsøksperiode på fem år for prøvereglementet, slik at det kan evaluerast. I forslaget er det lagt opp til minstevassføring på 10 m³/s om sommaren, med to toppar på 20 m³/s for å lokke fisk opp. Fylkesmannen er sterkt tvilande til at denne vassføringa vil vera stor nok til framleis å kunne oppretthalde ei storlaksestamme i vassdraget. Dette er difor eitt av fleire tema som må undersøkast nærare gjennom femårsperioden med prøvereglement.

Det må setjast krav om endring av manøvreringsreglementet dersom prøveperioden skulle vise at minstevassføringsregimet er sett for lågt til å tilfredsstille krava til fisk og andre ferskvassorganismar i vassdraget. Dette vil gi ein usikkerheit inn i økonomien til prosjektet, som ein må ta høgde for i samband med eit vedtak om konsesjon. Prosjektet vil og vere avhengig av grøne sertifikat.

Som avbøtande tiltak skal det byggast fisketrapp i Eidesfossen. Denne må utformast slik at all oppvandrande fisk kan passere, uavhengig av storleik. Av andre avbøtande tiltak så må inntaket til flaumtunnelen utformast slik at ingen fisk kan gå inn. Vassføringa frå kraftverket vil vera vesentleg mykje større enn frå Opo. For å sikre at fisk går opp Opo og ikkje vert ståande ved utløpet av kraftverkstunnelen i Sørfjorden, må ein vurdere å stogge kraftverket i periodar.

Vi vil og nemne at ein i arbeidet med levande genbank Hardanger har henta inn materiale frå Opo. Det er viktig at tiltak og utbyggingar i vassdraget ikkje reduserer framtidige moglegheiter til utnytte dei ressursar som blir lagt ned i dette arbeidet.

Ved en ein eventuell utbygging er det viktig at sentral tilhøve som gjeld anadrom fisk vert innarbeidd som vilkår i konsesjonen.

Fiske og friluftsliv

Tiltakshavar legg til grunn at bygging av fisketrapp vil kompensere fullt ut for moglege negative verknader for fiske og friluftsliv i Opo. Fylkesmannen er skeptisk til denne konklusjonen. Vi trur at ein minstevassføring på 10 m³/s om sommaren vil vere for liten til å sikre mot negative verknader på fritidsfiske i elva.

Når det gjeld stien som er opparbeidd langs vassdraget, vil den ha sterkt redusert verdi for friluftsliv og reiseliv når det er lite vatn i elva. Det statleg sikra friluftsområdet på Hovden vil og bli sterkt råka av ei eventuell utfylling i Sandvinvatnet, og planar for deponi må avklarast når det gjeld vilkår som gjeld for slike område.

Forureining

Dersom det blir gitt konsesjon til utbygging, må Fylkesmannen handsame søknad om løyve som gjeld utslepp frå tunneldriving, utfylling i sjø og vassdrag og massedeponi etter regelverket i forureiningslova. Generelt sett er det Fylkesmannens vurdering at tiltakshavar undervurderer moglege negative verknadene av tiltaket når det gjeld konsekvensar for utslepp i vatn og sjø.

Flytting av hovudutløpet i Opo til Kleivavika kan føre til frigjering av miljøgifter frå forureina sediment og deponi i Sørfjorden. Tiltakshavar må utarbeide ein tiltaksplan for å iverksette sikringstiltak på den sjøbotn og eksisterande deponi som vert påverka. Tiltaksplanen vert ein del av søknaden om løyve etter forureiningslova nemnt ovanfor.

Vår erfaring når det gjeld utfylling av sprengstein i vatn, er at det medfører utslepp av nitrogenrestar, plast/skytestreng og partiklar som blir vaska ut. Partiklane er skarpe og kan skade gjellene på fisk. Dette kan vere ein aktuell problemstilling for fleire stader, som for eksempel planlagt deponiområde i Sandvinvatnet. Konsekvensutgreiinga har ikkje vurdert økologisk funksjon til fyllingsområdet, som mogleg gyteområde for røye, mm. Verknader for fisk og anna biologisk mangfald er viktig tema i samband med handtering av eventuelle utsleppsløyve.

Fylkesmannen har ikkje grunnlag for å kommentere tilhøvet til støy, då det ikkje er utført støyfagleg utgreiingar i konsekvensutgreiinga. Slik vi lesar utgreiingsprogrammet er punktet med krav til utgreiing av støy og støvplager ikkje følgd opp av tiltakshavar.

Risikonivå, flaumsikring

Dei siste tala med flaumberekningar viser at nedre del av Opo no er sikra for ein 500-års flaum med klimapåslag, noko som tilsvarar tidlegare 1000-års flaum. Styresmaktene har ikkje fastsett nasjonale dimensjonerande krav i planlegginga for å sikre mot flaum, noko som er aktuelt for fleire vassdrag i landet. Spørsmålet om å opne for konsesjon vert difor ein konkret

vurdering av nytte ved tiltaket, vurdert opp mot alternativa for flaumsikring, og negative verknader på naturmiljø og samfunn.

Hovudformålet med utbygginga i konsesjonssøknaden er flaumsikring, ikkje kraftproduksjon. Om kort tid vert det lagt fram ein ny rapport om andre aktuelle avbøtande tiltak for å ytterlegare redusere verknader av framtidige flaumar. Denne vil saman med anna kunnskapsgrunnlag gi eit betre kunnskapsgrunnlag om aktuelle flaumsikringstiltak i området.

Samandrag

Planane for bygging av flaumtunnel og kraftverk vil få store negative konsekvensar i eit verna vassdrag, inkludert i elva si utløpssone i fjorden. I konsesjonssøknaden er ikkje tilhøvet til vassdragsvernet vurdert på utfyllande måte. Fylkesmannen meiner og at dei negative verknadene, særleg samla belastning på landskap, forureining og fisk er undervurdert i søknaden.

Fylkesmannen er positiv til gjennomføring av ei evaluering av foreslått vassføringsregime. Ved ei eventuell konsesjon må det leggjast inn vilkår om auke i vassføring, dersom det viser seg nødvendig for å sikra omsyn til fisk og ferskvassorganismar i Opo.

Fylkesmannen meiner det ikkje kan opnast for bygging av flaumkraftverk utan at andre, tungtvegande samfunnsinteresser tilseier at tiltaket må prioriterast høgt. Fylkesmannen meiner det er avgjerande for konsesjonsspørsmålet om ein kan oppnå flaumsikring gjennom andre tiltak.

Kunnskapsgrunnlaget som er lagt fram i saka er ikkje tilstrekkeleg til å gi eit klart råd om bygging eller ikkje av flaumtunnel og kraftverk. Før ein tek stilling til konsesjonssøknaden er det nødvendig å vurdere andre aktuelle sikringstiltak mot flaum saman med utførte sikringstiltak. Fylkesmannen vil gi tilleggsuttale i saka når rapport om andre tiltak vert lagt fram i løpet av våren.

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Sunnhordland Kraftlag	Postboks 24	5401	STORD
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	Odda